

Manual oppdatering av nettsider Sogndal idrettslag

Dato: 27.04.2015

Versjon: 1.0

1. Innlogging og support

Gå til www.sogndalidrettslag.no/login

Her finn du oversikt over supportsider og korleis du får tilgang til å kunne publisere på sida.

1.1. Innlogging ny brukar

Etter at du har bedt administrator for sidene til Sogndal idrettslag om tilgang til å redigere, vil du motta ein epost frå Squarespace.

Klikk på linken i eposten du mottek.


Viktig: I det første vindauget skal du kun klikke på

Create Squarespace account

I det neste vinduet legg du inn namn, epost og lagar deg eit passord.


Les gjerne meir om dette her: <http://support.gasta.no/opprette-brukar/>

2. Lage ny Aktuelt-artikkel




Når du er logga i Squarespace får du ei pil øvst i venstre hjørne. Klikk på pila og administrasjonsmenyen kjem fram.

Når du skal lage ein ny Aktuelt-artikkel klikkar du på Pages




Så skal du pile deg ned i menyen til du kjem under Not Linked. Der finn du Aktuelt-bloggeren til Sogndal idrettslag. Alle laga bruker same bloggen. Blogginlegga må kategoriserast for at dei skal vise på Framsida og på din idrett (sjå under)



Klikk på Aktuelt og du får ei liste med alle blogginnlegga på nettsidene.



Når du skal lage ein ny Aktuelt-artikkel klikkar du på +-teiknet.



Så skriv du Heading/overskrift på artikkelen.

Skriv så teksten i hovudfeltet.

Har du skrive teksten i eit anna program, lim teksten inn her. Er du usikker på om fontar etc vart heilt riktige, kan du klikke på Remove Format i menyen over.

Viktig! Kategorisering

Nedst til venstre i bildet ser du Categories. Klikk her og vel din idrett.

Viss du vil at artikkelen også skal vise på framsida til nettsida vel også kategorien Aktuelt framside.

Viss du gløymde å kategorisere artikkelen, vil han ikkje vise på nettsida. Men fortvil ikkje, klikk på Aktuelt igjen – finn artikkelen, hald markøren over og klikk på Settings. Då er du tilbake i artikkelen og kan sette kategoriar.

Ingress- tekst og foto


I dette designet blir Aktuelt-artiklane presentert ved at å vise ein ingress-tekst og eit mindre foto.

Dette legg du inn på flg. måte:

Klikk på Options i toppmenyen i vinduet du no har oppe.

Skriv ein kort ingress-tekst under **Excerpt**.

Så legg du inn eit foto under **thumbnail-foto**. Klikk på Add photo og finn eit bilde på disken din.




Sette inn foto på nettside


Viss du skal sette inn foto, video, bildegalleri, skjema, kart eller liknande, ligg alle desse «blokkene» i ein meny som kjem fram når du dreg musemarkør mot venstre.

Då dukkar det opp ei boble. Klikk på denne.

No skal vi setje inn eit foto, så då vel vi blokka Image



Klikk på Add an Image og finn fram til bildet på disken din.



Finn bildet på disken din. Klikk på Save og bildet er lagt inn i artikkelen.

Det er veldig enkelt å flytte foto i Squarespace. Hald peikar over foto og du kan dra bildet. Følg med på strekane. Dra f.eks foto inn over teksten, då vil du sjå at det dukkar opp ein firkant. Slepp no.

Foto tilpassar seg automatisk. Viss du vil endre på storleiken på bildet, hald markøren over venstresida på bildet. Då får du ein «hendel» du kan forstørre og formiske bildet med.

Bilredigering

Om du ønskjer f.eks å endre litt på bildet, har Squarespace eit godt fotoredigeringsverktøy. Klikk to ganger for å komme inn i bildeblokka. Vel så Edit og du kjem inni redigeringsverktøyet. Her kan du gjere endringar, klikke på Apply og Save.

Litt om foto og storleikar

Squarespace behandlar dine foto og lagar automatisk dei storleikane designet treng.

Maks breidde i Squarespace er 1500 pixlar.

Når du skal laste opp ei fil, sjekk storleiken på fila.

Er fila over 20Mb er det ikkje muleg å laste fila opp.

Er filstorleiken mellom 500k og 1Mb har du bra filstorleik som gir deg god kvalitet på bilda, og ikkje for tunge bilder.

Bildearkiv

Squarespace har ikkje eit bildearkiv der alle bilda ligg.

Save & Publish

Når du er ferdig med artikkelen, klikk på Save & Publish nedst i til høgre i skjermbildet.

Viss du t.d. ikkje vart ferdig med artikkelen kan du klikke på Save og velje Draft. Då ligg den som kladd, artikkelen er tilgjengeleg når du er logga inn, men viser ikkje.

Du kan også velje Schedule og bestemme tidspunkt artikkelen skal leggjast ut.

3. Lage Side under din idrett


Under alle idrettene kan du legge inn flere undersider. Dette er då sider som har meir statisk karakter.

Det gjer du på flg. måte:


Klikk på Pages i venstremenyen. Bla deg ned til Secondary Navigation

Klikk på idretten din.


Vel så Add Page (alltid Page her!)




Skriv inn namnet på sida i menyen, og trykk Enter




Då har du ei heilt blank side. Hald markøren over tekstfeltet og du får opp ein liten meny (Page Content) der du trykkjer Edit.



Så skriv du overskriften på sida.



For å sette inn meir tekst, markør mot venstre, finn boble og vel Text. Her skriv du eller limer inn teksten til sida.




Pass alltid på at overskrifta er markert som Heading 1

Når du har sett inn tekst og evt. foto, klikk på Save og sida viser i menyen.

Viss du seinare ønskjer å endre på filnamnet, hald markøren over sida i menyen. Då finn du Settings (tannhjul) til høgre. Ved å velje tannhjulet, kan du endre både namnet på sida og sjølve nettadressa (url) denne sida har.

4. Laste opp filer



Viss du ønskjer å laste opp ei pdf fil eller ei Excel-fil i artikkelen eller på sida gjer du det på flg. måte. Skriv linken (Eks. Sjå resultatlista) – og vel link-symbolet i menyen over.

I menyen har du tre val: Content, Files eller External


Content brukar du om du skal linke til ei side på nettsida til idrettslaget, External brukar du om du skal linke eksternt til ei anna nettside.

Trykk på Files

Klikk på Add a file og finn fila på disken din.

Squarespae lastar opp og du ser fila i vinduet.

Klikk på Open in new window .



5. Tabellar

Du har fleire mulegheiter viss du skal vise t.d. resultatlister på websida.

1. Last opp Excel eller pdf-fil. Sjå forklaring over.
2. Copy/paste. På enkare tabellar kan det fungere å kopiere i Excel og så lime inn i Squarespace
3. For resultatlister med fleire kolonner er det enklast å t i bruk ein html-tabell-generator.

Gjer flg.

Marker resultatlista i Excel og vel Kopier

Gå til <http://tableizer.journalistopia.com/>

(det finst andre generatorar som også gjer same jobben, bruk den du er van med)

Lim inn cellene i Paste your cells from Excel.. Under kan du også gjere endringar i utsjånaden på tabellen.

TABLEIZER!

A quick tool for creating HTML tables out of spreadsheet data

Paste your cells from Excel, Calc or other spreadsheet here:

843	Berg	Hauge	Chris-Robyn	Halden CK	!
6-10	x	Deltatt			
844	Berg	Berger	Benjamin Jensen	!	
6-10	x	Deltatt			
845	Berg	Berger	Joakim Jensen	!	
6-10	x	Deltatt			
846	Berg	Nordbøkke	Joakim	!	
6-10	x	Deltatt			
443	Berg	Buchholm	Ole Petter	Halden CK	
5	58-59	x	TRIM		

TABLE OPTIONS:

Font size: (Default) 12px | Header color: #04E8B3 | Font: Palatino Linotype, Book Antiqua, Palatino, serif | No CSS Styles:

Tableize It! | Reset



Tableizer! by Danny Sanchez, 2015. Have Feedback? [Contact me here](#). The Tableizer tool does not retain any submitted data. Visit [Journalistopia.com](#) for the latest in online journalism news and tips.

Klikk på Tableize It.

TABLEIZED!

TABLEIZE AGAIN

Copy the HTML code below:


```
<style type="text/css">
table.tableizer-table {
border: 1px solid #CCC; font-family: Palatino Linotype, Book Antiqua,
Palatino, serif;
font-size: 12px;
}
.tableizer-table td {
```




This is what your table looks like:

Stnr	EventName	Etemenn	Fornavn	Klubb/Lag/Bedrift	Kjenn	Klasse	Startnr	Sluttid
618	Berg	Syversen	Blåk	CK Ost	M	11-12	x	00:11:00
619	Alle 4 ritt	Kildebo	Jonas	Halden CK	M	11-12	x	00:11:01
612	Berg	Malmø	Tim Emil Strudahl	Halden CK	M	11-12	x	00:11:04
619	Berg	Sørli	Jens Ludvig		M	11-12	x	00:11:08
610	Berg	Brenne	Kristian	Halden Cykleklubb	M	11-12	x	00:11:55
604	Berg	Eng	Mattias Grostad	Halden CK	M	11-12	x	00:11:40
617	Berg	Pedersen	Christopher	Endsberg IL	M	11-12	x	00:12:29
702	Alle 4 ritt	Skang	Sindre	Rakkestad Sykleklubb	M	13-14	x	00:47:36
700	Alle 4 ritt	Rekdahl	Ole Sigurd	Halden ck	M	13-14	x	00:55:45
723	Berg	Melin	Amalie	Skjoberg CK	K	15-16	x	00:58:47
722	Berg	Ameesen	Marcus	Holand SK	M	15-16	x	00:59:59
724	Berg	Wold	Marius	Holand IL	M	15-16	x	00:59:59
720	Berg	Hedalen	Svert Sobr	Bjorkelangen sportsforening	M	15-16	x	01:01:11
10	Alle 4 ritt	Cullshåk	Romm Morten	Samsøen SK	M	30-39	v	01:03:47

Ta kopi av html-koden



Tilbake i Squarespace-artikkelen, klikk på ei boble, og bla deg ned til du finn Code block. Klikk her.



Lim så inn html-koden mellom dei <p> teikna.

Då ser tabellen slik ut:

26 april 2015
Resultatliste løp april
Gasta Design

Stau	EventName	Etternavn	Fornavn	Klubblag/Bedrift	Kjønn	Klasse	Startet	Sluttid
618	Berg	Syversen	Birk	CK Ot	M	11-12	x	00:11:00
615	Alle 4 ritt	Kildebo	Jonas	Halden CK	M	11-12	x	00:11:01
612	Berg	Malmø	Tan Emil Strudahl	Halden CK	M	11-12	x	00:11:04
619	Berg	Serli	Jens Ludvig		M	11-12	x	00:11:08
610	Berg	Børnø	Kristian	Halden Cykleklubb	M	11-12	x	00:11:35
604	Berg	Erg	Mattias Grestad	Halden CK	M	11-12	x	00:11:40
617	Berg	Pedersen	Christopher	Eidsberg IL	M	11-12	x	00:12:29
702	Alle 4 ritt	Skaug	Sindre	Rakkestad Sykleklubb	M	13-14	x	00:47:36
700	Alle 4 ritt	Rekdahl	Ole Sigurd	Halden ck	M	13-14	x	00:55:45
723	Berg	Melin	Amalie	Skjoberg CK	K	15-16	x	00:58:47
722	Berg	Amesen	Marcus	Holend SK	M	15-16	x	00:59:59
724	Berg	Wold	Marius	Holend IL	M	15-16	x	00:59:59
720	Berg	Hedalen	Sivert Sobyr	Bjørkelangen sportsforening	M	15-16	x	01:01:11
10	Alle 4 ritt	Gjellebak	Bjørn Morten	Sarpborg SK	M	30-39	x	01:03:42
191	Berg	Moen	Heine Antonio	Skjoberg CK	M	40-49	x	01:04:41
44	Berg	Kjånd	Evin	Fredrikstad Sykleklubb	M	40-49	x	01:04:50
138	Berg	Bokkerød	Frøde	HCK	M	30-39	x	01:06:20
82	Berg	Syverstad	Toze	Skjoberg CK	M	30-39	x	01:06:21
199	Berg	Skorhønd	Earmund	Saraborg SK	M	40-49	x	01:06:31

Aktuelt

Klikk på idretten din for å filtrere ut nytt fra di idrettsgrein:

- Barneidretten
- Friidrett
- Handball
- Langrenn
- Skeiser
- Styrkeløft
- Symjing
- Taekwondo
- Trim
- Turn
- Volleyball
- Orientering
- Alpin
- Aktuelt framside

Denne tabellen er ikkje responsiv, vil ikkje automatisk tilpasse mobil. Slik tabellverktøy er på veg og vil bli lagt inn her i manualen når vi føler dei er brukarvennelege nok.

6. Gjort ein tabbe og sletta eit Aktuelt-innlegg eller ei side?

Ingen grunn til panikk. Nedst i venstremenyen ligg det ei søppelkorg.

Klikk på den, her skal slette artiklar og sider. Klikk på søppelkorg, finn artikkel og vel Restore.

Men ver også på at dei blir permanent sletta etter sju dagar!